

Trombolyse i ambulanse ved STEMI

I desember 2018 blei det innført trombolyse i ambulansane i Helse Førde. Indikasjon er STEMI som er ferskare enn 3 timar og at pasienten er yngre enn 65 år. Sjå lenka for algoritme og detaljer elles når det gjeld prosedyren.

[STEMI pas jan 2019.pdf](#)

Elektronisk radiologihenvising via DIPS Interactor

Sylvi Akhter Fimland, fagradiograf ved radiologisk avd. Helse Førde har sendt denne eposten til bl.a. PKO.

"Radiologisk avdeling i Helse Førde byttet radiologiløsning desember 2018. I samband med oppfølging av meldingsflyt har ein oppdaga at mange legekantor ikkje nyttar DIPS interactor (IHR) ved sending av elektronisk radiologihenvising. For å få ei så god kvalitet som råd ynskjer vi at de primært nyttar IHR. Ved bruk av andre løysingar oppstår det ei rekkje utfordringar både i høve mottak av meldingane, men også ved svarutsending.

Vidare gjer vi merksam på at det er ei avgrensing i systema som medfører at det kan sendast maksimalt 4000 teikn i ei radiologihenvising. Vanlegvis vil dette ikkje vere problematisk eller avgrensande, men ein har ved nokre enkelttilfeller sett at ein har kopiert ut store delar av epikrise eller andre dokument, og nytta dette i henvisinga, og at handteringene av desse henvisingane feilar i mottak hjå oss. Ved øyeblikkelig hjelp henvisingar til radiologisk avdeling, skal en alltid sende med papirkopi av den elektroniske henvisingen. Dette i tilfelle den elektroniske henvisingen ikke kjem fram eller vert forseinka.

Legg til grunn at de har rutinar for å sjekke status på sendte elektroniske radiologihenvisinger, dette for å sikra at sendingar som feilar, vert fanga opp og korrigert. "

PKO kalenderen

Kurs i akuttmedisin og bruk av nødnett våren 2019

Dato: 13. mars 2019 08:30 - 14. mars 2019 16:00

Sted: Førde sentralsjukehus

Ansvarlig: Helse Førde

Målgruppe: LIS1 og legevaktslegar

Påmeldingsfrist: 01.03.2019 15:00:00

Dei praktiske postane vert gjennomført i og ved prehostipalt bygg. Ta med varme kle til øvingspostane som delvis skjer utandørs.

Kurset er godkjent som emnekurs i den norske legeforening.

Nasjonalt kompetansesenter for legevaktmedisin har uarbeidd eit obligatorisk nettbasert forkurs til akuttmedisinkurset og obligatorisk forkurs i nødnett. Hugs å ta med kursbevis ved oppmøte.

Kursavgift: 5000 kr for legar. Fylkesmannen dekker utgifter for LIS1. LIS1 skal sende reiserekning til Helse Førde.

Ta kontakt med kursleiar Norleiv Helgheim dersom du har spørsmål på telefon 95220749.

Forkurs i bruk av nødnett/nødradio går om kvelden den 12.03. Sjå eiga lenke under.

<https://www.fylkesmannen.no/nb/vestland/kurs-og-konferansar/kurs-i-akuttmedisin-varen-2019/>

<https://www.fylkesmannen.no/nb/vestland/kurs-og-konferansar/kurs-i-nodnett/>

Kurs i normaltariffen, logistikk, regnskap og skatt

Dato: Mandag, 18. mars 2019

Kursstad: Thon Hotel Jølster, 6841 Skei

Læringsmål:

- Å optimalisere takstbruken til glede for lege, legekantor, kommune og Helfo
- Legen skal bruke minst mulig energi og tid på den økonomisk-administrative delen slik at legen skal kunne konsentrere seg om pasientbehandling
- Introduksjon for legen som selvstendig næringsdrivende - hvordan unngå feil i forhold til skattekontoret og bokføringsloven

Målgruppe: LIS1, allmennleger og medarbeidere.

Kursarrangør: Sogn og Fjordane legeforening

Kurskomite: Bjarne Storset og Audun Hammer

[190318 Sogn og Fjordane - Program Normaltariffen.pdf](#)

Kroniske sår i Allmenmedisin med vekt på Diabetesfotsår

Tid: Tysdag 26.mars 2019

Stad: Thon hotel Jølster

[Kroniske sår i Allmenmedisin med vekt på Diabetesfotsår.pdf](#)

Nasjonalt Diabetesforum 2019

Tid: 2.-4. april 2019

Stad: Oslo

Nasjonalt Diabetesforum 2019: Teknologi og omsorg, , arrangeres av Diabetesforbundet i samarbeid med Helsedirektoratet. Konferansen er for deg som er opptatt av diabetesforskning eller jobber med personer som lever med diabetes. Meld deg på før 1. februar og få early bird pris!

<https://www.diabetes.no/helsepersonell/kurs-og-konferanser/nasjonalt-diabetesforum-2019/>

Samhandlingskonferansen 2019

Tid: 03. - 04. april 2019

Sted: Skei i Jølster

Adresse: Thon Hotel Jølster

Pris: Sjå påmeldingssida.

Region: KS Vest-Norge | Skei i Jølster

Tittelen på årets konferanse er

Framtidas pasient - den moderne helsearbeidaren

Nye roller, nye oppgaver, nye moglegheiter, nye dilemma - både etisk og fagleg.

<http://www.ks.no/kalender/sogn-og-fjordane-samhandlingskonferansen-2019/>